



Tekst:

Marie Nicolaisen

Kulturhistorikar og amatørskodespelar

Liti Kersti går til scena

Visa om Liti Kjersti som blir teken i berg av Bergekongen og gløymer sin menneskelege historie er kjent for mange og finnast i mange versjonar og innspelningar opp igjennom. På byrjinga av 1900-talet skreiv Hulda Garborg skodespelet *Liti Kersti* basera på historia i visa. I Garborg sitt stykket blir Kersti selt til Bergekongen av far sin så han kan lære seg gullsmidkunsten, men ho går nærmast sjølv med i berget når spelemannen som ho elsker avviser ho. Spelet endar med at spelemannen spelar ho ut av berget.

I skodespelet *Kersti 2012* møter me ein moderne Kersti, basert på Garborg og folkevisa si historie. Som så mange andre moderne menneske går også ho til psykologen for å finne ut av kva ho skal gjera med livet sitt og kva veg ho skal velje å gå. Med seg har psykologen eit kor og ein gjeng folkedansarar- ”For du veit det Kersti, folk som driv med kor og folkedans er lukkelegare enn andre,” som psykologen forklarar sine noko alternative arbeidsmetodar med. Igjennom ein times framsyning får publikum Kersti si historie, avvisinga frå spelemannen, møtet med Bergekongen og fram til valet om kvar vegen hennar skal gå. Framsyninga vart vist i mars 2012 og vart tatt opp igjen i mars 2013.

Kersti 2012 er eit samarbeidsprosjekt mellom skodespelarar dansarar og songarar frå Bondeungdomslaget i Oslo og Bygdelagsskipnaden i Oslo og Akershus. Liv Hege Skagestad, prosjektutviklar i Bondeungdomslaget var prosjektleiar og instruktør. Med på å utvikle framsyninga var også skodospelarane Marie Nicolaisen og Anders Norhammer, dirigent for Bygdelagskoret Anne-Line Sandgren og koreograf Marianne Dahl. Sentralt i arbeidet var å sjå korleis historia om Kersti og møter med den naturmystiske Bergekongen framleis kan vera aktuell i vår moderne verd.

Kjærleik og val var sentrale tema som vart arbeid med i utviklinga av stykket og som også var viktige element i framsyninga: ” I berget det blå skal du gullharpa slå (...) I leik og sæle stundefri skal du leva i all di tid. Men sorgi bur i verdi” seier Bergekongen til Kersti før ho gjev seg over til han og blir med han inn i berget etter at spelemannen har avvist ho på grunn av at han elsker ei anna. Og kven kunne ikkje ynskje det? Å bli med inn i berget, vekk frå den sorgfulle verda?

I *Kersti 2012* møtest det nye og det gamle. Samtidig som det å setje Kersti si historie inn i vår forståing av verda sto den

tradisjonelle musikken og dansen sentral og drog framsyninga framover. Her var det stort sett folkemusikken og songdansen i sin tradisjonelle reinhet som kom til uttrykk – fleire kjente folkeviser som *Liti Kersti*, *Margit Hjukse* og *Villemann og Magnhild* var med. I tillegg gamlestevrekker, bånsullar og andre folketonar. Historia presentert for publikum er langt frå den ein finn hjå Hulda Garborg og i folkevisa om Liti Kersti. Grunnlaget, og mykje av den faktiske teksten er likevel henta her i frå og det er dette utgangspunktet og den faktiske

bruken av det gamle og tradisjonelle uttrykket i møtet med ei moderne fortolking (og ikkje moderne kunstnariske uttrykk) som gjer prosjektet til eit spennande arbeid. Folkekulturelle uttrykk, materielle så vel som immaterielle, må gjerast aktuelle og brukast aktivt for å overleve. På grunn av sin aktive medverknad i prosjektet kan ikkje underteikna uttrykke seg noko om framsyninga sin kunstnariske verdi, men som del av eit arbeid med å aktivt bruke ulike uttrykk i den norske kulturarven kan det sjåast som eit viktig og spennande bidrag.



Skodespelarane Marie Nicolaisen og Anders Nordhammer i ei scene frå Kersti 2012.

Fotograf: Terje Svindseth

Bondeungdomslaget i Oslo driv med kor, folkedans, teater, barnelag og idrett. Dei siste åra har dei drive mykje prosjektarbeid på kryss av dei ulike aktivitetane. Følg laget på facebook (BUL-Bondeungdomslaget i Oslo) for å fylgje med på fleire spennande prosjekt.

Bygdelagsskipnaden (BLS) er Noreg Ungdomslag sitt fylkeslag i Oslo. Dei har ulike dansegrupper som driv med bygdedansar frå ulike stadar i Noreg, leikarring, barnelag, songdans og teater. Bondeungdomslaget i Oslo er eit lokallag i BLS.